

## Kvinnherad idrettsråd



Organisasjonsledd i  
**NORGES  
IDRETTSFORBUND**

## Årsmelding 2018 – styret sitt framlegg til årsmøtet

Årsmøte vart halde 21. mai 2019 på Rådhuset i Rosendal.

### **Styret denne perioden har vore:**

Richard Erlandsen (leiar), Halsnøy II  
Anna Prestnes (nestleiar), Kvinnherad Handballklubb  
Gunnar Våge (kasserar), Rosendal TI  
Agust Magnusson (skrivars), II Trio  
Hilde Enstad (styremedlem), II Trio  
Christin Sund (styremedlem), II Trio  
Gro Rusten Saghaug (styremedlem), II Ternen

### **Vararepresentantar**

Einar Oppedal, og  
Lars Emil Berge.

### **Revisorar**

Willy Kalsås  
Knut J. Helvik.

Styret har hatt seks møter i perioden. Det har vore arbeidd med kontakt mellom idretten og kommunen. Drifta vert finansiert med ca. ein halvdel kontingenget frå medlemslag og ca. ein halvdel kommunalt tilskot.

### **Samarbeid med idrettslag**

Heimeside for idrettsrådet, eige Facebook-side og e-post gjennom SportAdmin vert nytta til å formidla informasjon til medlemene.

Idrettsrådet administrerer framleis ordninga med medaljar til Kvinnheradmeisterskap i idrett. Det var utdelt ca. 200 medaljar i perioden. Ein opplever at idrettslag synes det er ei fin og ryddig ordning.

### **Lokalidretten og kommunen**

Idrettsrådet ved leiar har gjennomført regelmessige møter med nytilsett Idrettskonsulent i kommunen og behandla framlegg til plan for tildeling av spelemidlar og kommunale investeringsmidlar til prosjekt i Kvinnherad. Rådet samarbeider med kommunen om idrettsstipend for Kvinnherad, og i 2018 var det Kvinnherad Handballklubb og Halsnøy II som søkte. Dei fekk tildelt breiddestipendet på kr 25 000,- kvar. Det står framleis att arbeid med elitestipendet før det kan realiserast.

I perioden har Idrettsrådet vore på tre klubbesøk til Halsnøy II, Rosendal Turnlag og II Ternen. På denne måten kjem rådet i direkte dialog med styre i dei forskjellige klubbane, og ein får synfaring på anlegga. På denne måten forsterkar ein dialog og samspel mellom idrettslag og kommune.

Styret har ein intensjon om å halde møter ute hos lokallaga også i framtida.

Styret i idrettsrådet har vore representert i prosjektgruppa for ny fleir brukshall på Husnes med nestleiar Richard Erlandsen.

### **Organisasjonsledd i NIF**

Idrettsrådet har i 2018 fordelt kr 1.008.865,- av lokale aktivitetsmidlar til medlemene. Dette er spelemidlar øyremerkt aktivitetar for barn og ungdom i alderen 6 – 19 år. Midlane vart fordelt etter kriterium fastsett av årsmøtet.

Alle idrettslag med namngitt ressurskontakt fekk eit beløp iht. angitt skala og kr. 50.000,- vart delt ut til barne- og ungdomstiltak gjennom breiddestipendet. Dei resterande midlane vart fordelt med vekttal 2 for ungdom (13-19 år) og vekttal 1 for barn (6-12 år). Grunnlag for utrekninga var aktivitetstal frå idrettsregistreringa slik dei låg føre i KlubbAdmin.

Anna Prestnes representerte Kvinnherad Idrettsråd på Idrettsrådskonferansen Hordaland i mars 2019 arrangert av Hordaland idrettskrins. Andre deltagara frå Kvinnherad var ordførar Peder Sjo Slettebø, idrettskonsulent Kristian Helgesen og idrettens representant i prosjektgruppa for Kvinnherad Arena Knut Prestnes. Det var svært nyttig konferanse med aktuell innhald knyta til utforming og planlegging av idrettsanlegg med bakgrunn i dansk modell med fokus på sosiale møteplassar for alle grupper i samfunnet: organiserte, uorganiserte, streetkultur, skule og kommunale tenester i fellesskap.

### **Samfunnsoppdrag**

Idrettsrådet har oppmoda medlemslag til å peike ut ressurskontaktar. Dette er ein person som skal vere idrettslaget sin kontaktperson og koordinator for barn og ungdom med lita betalingsevne, med flyktningsbakgrunn, minoritetsbakgrunn eller andre særskilde utfordringar. Ressurskontakten er kontaktledd mellom idrettslaget og andre aktørar som arbeider med integrering og barnefattigdom.

Det har i perioden vert jobba målretta for fattigdomsbekjempelse. Idrettsrådet, saman med kommunen, arrangerte ein samling / forum i Uskedalen i november 2018, der alle dei respektive klubbar sine ressurskontaktar ble invitert, saman med representantar frå kommune og frivilligkeitssentralen. Der ble det ein god seanse kor man har sett på forskjellige måtar å fange opp dem som trenger det mest i kommunen vår.

Det er planlagt ein oppfølgingssamling i løpet av 2019.

Styret i Kvinnherad idrettsråd, 21.05.2019

Richard Erlandsen  
styreleiar

Anna Prestnes  
nestleiar

Gunnar Våge

Hilde Enstad

Agust Magnusson

Gro Rusten Saghaug      Christin Sund